

## **Krav til leike- og uteopphaldsareal**

Det skal vera 1 leikeplass på 1 daa når det blir lag til rette for 15 eller færre tomter/bueiningar, 2 leikeplassar à 1 daa når det er 16-30 tomter/bueiningar osv. Hovudtilkomsten til leikeareal skal vera universelt utforma.

For kvar einebustadtomt/bueining i nytt byggeområde for bustader, B1-B12 og andre tidlegare godkjente byggeområde b1-b9, skal det i alle bustadområde avsettast min. 50 m<sup>2</sup> MUA.

Det skal utarbeidast illustrasjonsplan for utforming av leikeområde samtidig med utarbeiding av reguleringsplan. Illustrasjonsplanen skal godkjennast av kommunen.

For kvar ny einebustadtomt/bueining i område B2-B5, B10, b2, b3 og i Fagernes og Leira sentrum, skal mulegheit for leik/leikeareal/uteopphaldsareal vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Dersom det er ferdig opparbeidd leikeplass i rimeleg avstand med mulegheit for trafikksikker tilkomst, og ein får til ei felles avtale om bruk og vedlikehaldskostnader/vidare opparbeiding, kan kommunen godkjenna planforslag/nye bustadtomter/bueiningar utan leikeområde. Ei vurdering og einigheit om felles bruk av eksisterande leikeplass(ar) i nærområdet må vera avklart før godkjenning av reguleringsplan.

Leikeareal skal ha eit utandørs ekvivalent støynivå under 55 dB(A), og areal som er brattare enn 1:3 og smalare enn 10 meter skal ikkje reknast med som del av leikeareal.

Leikeplassar skal i størst muleg grad plasserast og utformast slik at dei er eigna for leik og opphald heile året, og kan nyttast av ulike aldersgrupper og legga til rette for samhandling mellom barn, unge og vaksne.

Leikeareal skal ha ei skjerma plassering mot sjenerande vind og sikrast mot forureining, støy, sterke elektromagnetiske felt, trafikkfare og anna helsefare. Leikeareal skal ikkje plasserast i nærleiken av høgspenteleidningar.

### *Uteopphaldsareal*

Uteopphaldsareal er dei delar av tomten som er eigna til føremålet, og som det ikkje er bygd på eller som er avsett til køyring og parkering. Dei delane av terrassar som ikkje overbygd og ev. takterrassar skal reknast som uteopphaldsareal.